



- eit fyrstårn i vest

PANDEMIPLAN **for Øygarden kommune**

Delplan til smittevernplanen

Utarbeidd av Smittevernlege Jens Even Eikås 27.01.2020
Vedteken i Øygarden kommunestyre 20.02.2020

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

PANDEMIPLAN FOR ØYGARDEN KOMMUNE

Denne planen er ein del-plan til smittevernplanen for Øygarden kommune .

Kommunal beredskap ved pandemisk influensa og andre pandemi-infeksjonar.

Innleiinga i dette kapittel er henta frå Nasjonal plan for pandemisk influensa.

Definisjon: Pandemi = Verdsomspennande epidemi av influensa eller annan smittsam sjukdom.

Influensapandemiar er store verdsomspennande epidemiar av influensa som førekjem med varierende mellomrom, og som kan føre til omfattande skadeverknader, helsemessig og økonomisk. Store delar av samfunnet vil bli sett ut av funksjon pga. stort sjukefråvær på arbeidsplassane.

I vår del av verda vert pandemiar rekna som ei av dei vanlegaste årsaker til akutte krisetilstandar.

Den raskt luftberande smittespreiinga kan ikkje forhindrast og viruset vil ramme alle aldersgrupper og samfunnslag utan omsyn til personleg livsstil eller åtferd.

Det er lite sannsynleg at ein kan stanse eit pandemisk influensavirus ved forsterka grensekontroll eller karantenetiltak.

Kommunehelsetenesta må organisere alle fastlegar og helsesøstrer og anna helsepersonell slik at ein best mogeleg kan bevare og styrkje arbeidsstokken. Ei styrking av arbeidsstokken vil kunne skje ved omplassering av helsepersonell frå ein avdeling til ein annan.

Vidare må ein lære opp hjelpepersonell til å kunne utføre rutinemessige, og enkle helsetenesteoppgåver under supervisjon.

Scenario

Det er umogeleg å forutsjå korleis ein pandemi vil utvikle seg. Basert på pandemiar i førre århundre har ein kome fram til 2 hovudscenarier.

- Den første er ein pandemi der ca. 30 % av befolkninga vert smitta. Dette er ein moderat pandemi og den mest sannsynlege varianten.
- Ein katastrofal pandemi inneber at ca. 50% av befolkninga vert smitta. Ovannemnde 2 pandemiscenarier vil få følgjande konsekvensar i Øygarden kommune:

Moderat pandemi:

11700 personar vert smitta. Tal sjuke/sengeliggjande vil vera ca. 5850. Overdødelegheit 5 -24 personar.

Katastrofal pandemi:

19500 personar vert smitta, Tal sjuke/sengeliggjande vil vere ca. 9750. Overdødelegheit 37 - 110 personar.

Ikkje alle vil verta sjuke om lag samtidig. Sjukdomen kjem truleg i bøljer i løpet av nokre månader. Ein forventar at den andre bølga vil vere den sterkaste. Ei bølge vil vare ein del veker, men kvar einskild person vil som oftast berre vere sjuk ei vekes tid. Har ein først hatt sjukdommen og vorte frisk igjen, er det lite truleg at ny innsjucking vil førekome. Ein vil mest truleg vere "naturleg vaksinert".

Kommunens myndigheit og ansvar:

Kommunehelsetenesta skal yte naudsynt helseteneste for alle som bur eller oppheld seg i kommunen, jf. Kommunehelsetjenesteloven §1-1. Ved influensapandemi skal kommunen syte for at alle som oppheld seg i kommunen er sikra naudsynt førebyggjande tiltak herunder vaksinasjon, undersøkingsmogelegheiter, behandling og pleie, jf. Lov om vern mot smittsomme sykdommer § 7-1. Kommunen eller den smittevernansvarlege kommunelege skal vidare ha oversikt over dei infeksjonsepidemiologiske tilhøva i kommunen, gje råd og informasjon til befolkninga og gjennomføra førebyggingstiltak, som vaksinasjon, jf. smittevernlova §§ 7-1 og 7-2.

Ein influensapandemi vil få store konsekvensar for pleie- og omsorgssektoren med det ansvar denne har for heimebuande eldre, funksjonshemma og sjuke.

Dødelegheit, sjukelegheit og prioriteringsproblem vil auka. Pandemien vil ramme faste brukarar av tenestene, føra til nye brukarar og ramme personalet.

Ved ein pandemi vil smittevernlegen vere ein del av kriseleiinga.

Målsetjing

Målsetjinga med pandemiplanen er å leggje til rette for at ein under ein influensapandemi kan:

- Redusere sjukelegheit og død
- Pleie og behandle sjuke og døydne
- Oppretthalda naudsynte samfunnsfunksjonar
- Gje fortløpande informasjon (helsevesen, publikum, media)

Redusere sjukelegheit og død

Retningslinjer for vaksinasjon

Vaksinasjon med ei rett samansett influensavaksine kan minske effekten av sjukdomen, særleg i dei befolkningsgruppene som har størst risiko for alvorleg sjukdom og død forårsaka av influensa. I perioden mellom pandemiane vert desse risikogrubbene anbefalt å la seg vaksinere kvar haust før influensasesonen.

Under ordinære, ikkje pandemiske forhold vil vaksinen gje vern mot influensa etter ei veker tid. Hos yngre personar gjev vaksinen truleg 80% vern, hos eldre noko dårlegare (ca 50- 60%). Vernet vil vere noko betre mht. alvorleg sjukdom og død enn mot infeksjon.

Ved ein pandemi vil heile eller store delar befolkninga mangla immunitet mot det aktuelle viruset. Dette kan føre til at vern kan inntre seinare eller td. krevje to dosar vaksine.

Ved avgrensa tilgang på vaksine må denne verte fordelt på prioriterte grupper. Publikum må bli opplyst om kvifor vaksine ikkje vert allment tilgjengeleg. Vaksinasjon bør om mogeleg gjennomførast før pandemien startar. Dersom ikkje dette let seg gjennomføra (pga. manglande vaksine), bør først og fremst personar som enda ikkje har gått gjennom influensa i dei prioriterte grubbene, verte tilbydd vaksine.

Uansett mengde vaksine som vert tilgjengeleg, må ein velje ein vaksinestrategi eller ein kombinasjon av strategiar, og prioritere. Avgrensa vaksinetilgjengelegheit vil by på ei rekke medisinsk etiske problemstillingar.

Vaksiner vert lagra ved Øygarden rådhus

Det kan bli aktuelt å nytte organisert vakthald i tilfelle knappheit på vaksinar.

Oversikt over kva grupper som skal vaksinerast i prioritert rekkefølge:

Oversikt over kva grupper som skal vaksinerast i prioritert rekkefølge:

1. Smitteeksponert personell i helsetenesta inkl. Ambulansetenesta, og deira familiemedlemar som har same folkeregistrert adresse som helsepersonellet sjølv	ca	1000	personar
2. Vaksne og barn med auka risiko for komplikasjonar	ca	1800	personar
- med alvorlege luftveissjukdommar			
- med kroniske hjarte-karsjukdommar			
- med nedsett infeksjonsforsvar			
- med diabetes			
- bebuarar på alders- og sjukeheim			
- personar som er over 65 år eller eldre	ca	3400	personar
3. Barn i alder 6-24 månader	ca	1700	barn
4. Gravide	ca	500	kvinner
5. Utvald nøkkelpersonell*	ca	550	personar
6. Anna helse- og omsorgspersonell med pasientkontakt	ca	650	personar
7. Frivillige pleiarar innan pleie- og omsortstenesta og andre med pasientkontakt, og sivilforsvaret	ca	400	personar
8. Barn i barnehage og barnehagepersonale	ca	3500	personar
9. Barn i grunnskulen og skulen sitt personale, inklusiv SFO	ca	7000	personar
10. Sjøførarar og andre med kundekontakt i kollektivtransport	ca	600	personar
11. Personell i servicenæring med stor publikumskontakt	ca	2000	personar
12. Alle andre	ca	16900	personar
Sum:	ca	39000	personar

Vala for kva strategi og prioritering ein gjer er i siste instans politiske og må difor verta gjort av politiske myndigheitar. Det vil truleg verte føreteke endringar.

*Med utvald nøkkelpersonell i gruppe 5 er meint: kriseleiing, brann, politi, vann/avløp, renovasjon, apotek, prestar, gravferdsagentar, kjøkkenpersonell på institusjonar, veterinærenesta, nøkkelpersonell i private bedrifter.

Gjennomføring av vaksininga

- Pasientar ved bufellesskap, sjukeheim og aldersheim vert vaksinert av personalet ved institusjonane og heimesjukepleia.
- Den generelle folkeregistrerte befolkninga i Øygarden kommune vert vaksinerte på skular/andre lokale tilsvarande den inndelinga som ligg føre ved ordinære politiske val. Barn vert vaksinerte i same lokale som foreldre.
- Kommunen har også ansvar for å tilby vaksine til innbyggjarar som ikkje har folkeregistrert adresse i Øygarden kommune, men som likevel bur og oppheld seg i kommunen. For desse personane vert det oppretta eige vaksinasjonslokale.
- Ein ønskjer å unngå større forsamlingar under pandemiepisode. Dette for å hindra ytterlegare smittespreiing. Fordeling av befolkninga på dei ymse skulane vil vere eit tiltak med omsyn til spreiiing, men dette vil truleg ikkje vere nok. Ein ytterlegare fordeling mot. vaksinasjonstidspunkt fordelt etter alfabetisk mønster vil vere ønskjeleg. Tidspunkt for fram møte for vaksinasjon vil bli annonsert i media og på Øygarden kommune si heimeside.
- Berekningar som er gjorde viser at heile kommunen si befolkning kan vera vaksinert i løpet av 4 dagar, så sant det ikkje ligg føre større sjukefråvære av helsepersonell.

Retningsliner for bruk av antivirale midlar

Før vaksine er på plass vil Tamiflu truleg være den einaste effektive medisin. Denne medisinen vil truleg vere ein stor mangelvare dersom ein pandemi bryt ut, og det vert soleis trong for å prioritera kven som skal få medisinen fyrst.

Fastlegane er ansvarlege for at behandling og førebygging med antivirale midlar skal skje i samsvar med vedtak og retningsliner frå statlege helsemyndigheiter.

Prioritering av målgruppene for antiviralia

1. Primærprofylakse:
Vedvarande smitteeksponert personell i helsetenesta
2. Sekundærprofylakse:
Personar som har hatt tett kontakt med influensasjuka ein periode kor dei var smittsame
3. Behandling influensasjuka med auka risiko for komplikasjonar
4. Behandling influensasjuka gravide
5. Behandling influensasjuka utan auka risiko for komplikasjonar
6. Primærprofylakse:
Nøkkelpersonell i leiing og utvalte samfunnskritiske tenester etter ei nærare vurdering av situasjonen

Stengje verksemder som samlar fleire menneske

(skular, barnehagar, symjehallar, kino etc.)

Smittevernlege i samarbeid med kriseleiing vil evt. fatte hastevedtak.

Avlyse/ forby møteverksemd

Smittevernlege i samarbeid med kriseleiing vil evt. fatte hastevedtak.

Pleie og behandle sjuke og døande

Varsling, innkalling, møtestad for ekstra personell

Kriseleinga har mynde til å omdisponere personell og bruke disponible ressursar. Det vil verte trong for å utvide stillingar og utvide til inntil 13 timar skift (jmf. Arbeidsmiljøloven § 10-6 Overtid og § 10-12 *Unntak*). Einingsleiarar og stabsleiarar vert ansvarlege for å ha oversikt og kalla inn personell.

Øygarden rådhus på Straume blir møtestad for frivillige.

Det vil vere eit arbeidsgjevaransvar å sikre at forsvarlegheitskravet vert ivareteke, og at personell berre vert sett til å utføra oppgåver som vedkomande er kvalifisert for under naudsynt overoppsyn av autorisert personell.

Frigjering av plassar til heildøgns pleie- og omsorg

Ved ein pandemisituasjon vil det vere stor mogelegheit for at regionale helseføretak ikkje har kapasitet til å ta seg av alle behandlingstrengjande pasientar. Ein må soleis vere førebudde førespurnad frå sjukehusa om kommunane kan stilla sjukesenger til disposisjon for behandling av sjukehuspasientar lokalt i kommunen.

I Øygarden kommune kan ein ved ein slik førespurnad kunne stille med:

Ved Lokalmedisinsk senter(LMS) kan ein omdisponere 23 rom fordelt på 10 rom i Rehabiliteringseing i isolert område med skyllerom og 13 rom i Intermediæravdeling, inkludert 2 isolasjonsrom, også dette i isolert område med skyllerom. Totalt 23 sengeplassar.

Tednebakkane omsorgssenter på Rong vil på kort varsel kunne omdisponere 8 rom med sengeplassar og skyllerom. (Somatisk post 6). Dette med mulighet for isolering med smittesanering. Totalt 8 sengeplassar.

Sundheimen i Skogsvåg kan på kort varsel kunne omdisponere 8 rom med sengeplassar og skyllerom. (Avdeling E). Dette med mulighet for isolering med smittesanering. Ideelt 8 senger.

Total kapasitet i kommunen: 39 sengeplassar

Psykososial omsorg ovafor pasientar og pårørande

Barnevernet får ansvar for å ta hand om barn som ikkje har foreldre/ familie som kan ta hand om dei. Eit mottak vert etablert i ein barnehage etter behov.

Kommunen har også Psykososialt kriseteam som bidreg i ein krisesituasjon opp mot Sotra legevakt.

Geistlege tenester

Kontaktperson for kyrkjelege tenester i samband med alvorleg sjukdom og dødsfall under ein pandemi er Kyrkjekontoret i Øygarden kommune.

Kyrkjekontoret opplyser at ein skal kunne gjennomføra ca. 10 gravferder pr. veke.

Ein disponerar gjennom Kyrkjekontoret i ein krisesituasjon bæreromskapasitet for 13 døde. Dette fordelt på 5 kister ved Foldnes kyrkje. 5 kister fordelt på 2 kyrkjer i gamle Øygarden og kjølerom for 3 – 4 bårer i Kausland.

Tednebakkane omsorgssenter har i ein krisesituasjon kjølerom med mulighet for oppbevaring av 4 døde samstundes. (2 på bårerom og 2 på kjølerom som til vanleg er nytta til tøyoppbevaring.)

Fjell sjukeheim har mulighet for oppbevaring av 2 døde samstundes.

Totalt utgjør dette bæreromskapasitet for 19 døde samstundes i Øygarden kommune.

Verneutstyr

Kommunen skal i følge Nasjonal beredskapsplan for pandemisk influensa sørge for at forsyningstryggleiken for viktig materiell, utstyr og legemidler er tilfredsstillande. Kommunen vil ha auka trong for munnbind, andedrettsvern, vernefrakk, visir og hanskar. Øygarden kommune må vere førebudd på å byggja opp eigne lager av slikt utstyr.

Informasjon

Smittevernlegen er, i samråd med kriseleiinga, informasjonsansvarleg.

Informasjonsinnhald

- Den fortløpande utviklinga av epidemien i utlandet og i Noreg
- Sjukdomen si ytringsform, og alvorlegheit
- Sjølvhjelp: Når bør ein søkje lege? Korleis ein kan behandle og verne seg sjølv. Reiserestriksjonar
- Fordeling av vaksinar, antiviralia, antibiotika og andre medikament
- Beredskapssituasjonen i kommunehelsetenesta, ved sjukehus og annan aktuell infrastruktur

Det er viktig at all informasjon er samkøyrd. Dette vert ordna ved at det vert oppretta ein talsperson for kommunen som svarar på spørsmål frå media. Det er berre denne personen som skal uttale seg til media. Det vert lagt opp til hyppige pressekonferansar på førehandsbestemde tidspunkt. Dette for at talspersonen skal få mogelegheit til å innhente mest mogeleg eksakte og oppdaterte opplysningar omkring situasjonen.

Øygarden kommune si heimeside er ei viktig informasjonskjelde og nettsida vil kontinuerleg bli oppdatert.

Legevakt

Legevakta vil få ekstra pågang av pasientar pga. auka infeksjonssjukdom i befolkninga. Det er ønskjeleg at den infeksjonssjuka delen av pasientane vert halden fråskild frå dei andre pasientgruppene. Det vil difor ved ein stadfesta pandemisituasjon bli utført ei omstrukturering av legevakta.

Legevakta vil få tildelt tilleggslokale, lokalisert til Kultursalen, Øygarden rådhus. Det er her eigen inngang slik at ein avgrensar smittefaren.

Lokala ligg også nærmast ordinær legevakt slik at personar som oppsøker legevakta direkte pga. infeksjonssjukdom lett kan visast til legevakt for infeksjonssjuka.

Det vil med enkle tiltak frå IKT avd. vere mogeleg å opprette samkøyring med Sotra legevakt sitt dataprogram. Det vert oppretta 3-5 ekstra telefonnummer som publikum kan ringja for informasjon, tinging av time og generell rådgjeving etter gjeldande modell for Sotra legevakt i dag.

Sjukepleiarar svarar på desse telefonane.

Bebuarane i kommunen vert informert om desse telefonnummera gjennom media og via kommunen si heimeside.

3.3 Faseinndeling under pandemi

Tabell 1. Dei ulike fasene under ein pandemi skildra av Verdens helseorganisasjon (WHO)

Fase	Beskriving
Interpandemisk periode	
1. Ikkje nye virus	Ikkje nokon nye influensavirustyper er oppdaga hos menneske. Ein influensavirus-subtype som kan føre til infeksjon hos menneske kan vera til stade hos dyr. I så tilfelle verkar risikoen for smitte til menneske for å være lav.
2. Nytt virus hos dyr	Ikkje nokon nye influensvirussubtypar er oppdaga hos menneske. Likevel sirkulerar det dyreinfluensavirus som utgjer ein reell risiko for sjukdom hos menneske.
Pandemisk årvakenheitsperiode	
3. Smitte til menneske	Sjukdom hos menneske med ny subtype, men ikkje spreing mellom menneske, eller sjeldne tilfelle av smitte til nærkontakter.
4. Begrensa smitte mellom menneske	Små grupper av personar med infeksjon, men framleis geografisk avgrensa. Noko som tyder på at viruset er i ferd med å tilpassa seg menneske, men framleis ikkje smittar lett mellom menneske (betydeleg pandemirisiko).
Pandemisk periode	
6. Pandemi	Auka og vedvarande smitte i den generelle befolkinga
Postpandemi	Attende til interpandemisk periode

Hovudoppgåver instans/verksemd i samband med kommunal pandemiplan.

I interpandemisk periode er kommunen si hovudoppgåve å oppdatere og å gjere smittevernplanen sin pandemi-del kjend

Verksemd/instansar	Årvakenheitsperiode	Pandemisk periode
Kommunestyre	<ul style="list-style-type: none">- Vedta pandemiplan- Ansvarleg for forsvarlege rammebetingelsar for smittevernet.- Peike ut smittevernlege og vikar for denne	<ul style="list-style-type: none">- Vurdere ekstraordinært møte for formannskapet, jf. Delegert mynde frå kommunestyret I sak 12/20.- Vedta tiltak etter råd frå smittevernlege.- Hastevedtak om møteforbod, stenging av verksemdar, avgrensing i kommunikasjonar m.m.- Løyva naudsynte ekstramidlar til gjennomføring av tiltak
Kommunedirektør (rådmann)	<ul style="list-style-type: none">- Leggje praktiske forhold til rette for smittevernarbeidet, også den sektorovergripande delen.- Fullmakt til mindre endringar i smittevernplanen.- Bistå smittevernlegen i gjennomføringa av kommunen sine vedtak innan smittevern.-	<ul style="list-style-type: none">- Ansvarleg for gjennomføring av hastevedtak fatta av kommunestyret eller smittevernlegen.- Aktiv deltaking i smittevernarbeidet, samt koordinering av ressursar- Delta etter behov i beredskapsgruppa- Etter behov å omdisponere personell og ressursar- Kalle inn kriseleiinga
Kommunedirektør / Leiar KKL	<ul style="list-style-type: none">- Operativ leiar KKL- Operativ og koordineringsansvarleg for dei ulike instansar i kommunen	<p>Ansvar for å leia alle fasar av krise</p>
Kriseleiing	<p>Halda seg orientert om kommunen sin pandemiplan</p>	<ul style="list-style-type: none">* Utføra tiltak etter råd frå smittevernlege* Ta stilling til stenging av verksemd, skule, barnehage, bad, osv* Omdisponering av personell eller ekstrahjelp* Løyve naudsynte ekstramidlar

Smittevernlege	<ul style="list-style-type: none"> * Revisjon av plan smittevern * Administrativt ansvarleg for iverksetting av vedtak innan smittevern * Halde seg orientert/oppdatert om situasjonen * Undervisning om smitte- vernetiltak * Sørge for at alle fastlegar har oppdaterte lister over risikogrupper som skal prioriterast mht vaksine * Informere leing, andre etatar m.v. * Informere kommunen sine innbyggjarar * Lager for verneutstyr, antiviralia, vaksine 	<ul style="list-style-type: none"> * Kalle inn og leie beredskapsgruppa * Fatte hastevedtak * Fatte tvangstiltak om naudsynt * Sørge for informasjon til tilsette og publikum * Sørge for opplæring av helsepersonell * Vidareformidle krav og informasjon frå sentrale myndigheiter * Meldeplikt * Ansvar for at vaksiner og antiviralia vert tinga i samråd med leiande helsesøster * Setje i verk utdeling av antiviralia * Sørge for at kommunen har tilgang på tilstrekkeleg verneutstyr
Legevakt		Omstrukturering til operativ drift i ekstra lokale i Øygarden Rådhus for å ivareta pasientar med mistanke om pandemisk smitte/sjukdom.
Fastlegar	<ul style="list-style-type: none"> * Varslingsplikt til smittevernlege * Meldeplikt * Forsvarleg diagnostikk, behandling * Førebygging * Ha oppdaterte lister over risikopasientar 	<ul style="list-style-type: none"> * Omprioritere * Legge til rette for å redusere smitte * Sørge for at prioriterte grupper får antiviralia * Sørge for at oppdaterte lister over risikopasienter blir distribuert til leiande helsesøster

Kommunalsjef helse og velferd	<ul style="list-style-type: none"> * Ansvar for at smittevern- planen er kjent * Bistå kommunen sitt helsepersonell i det førebyggjande arbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> * Delta i beredskapsgruppa * Delta i kriseleiinga * Omdisponere kommunen sitt helsepersonell * Bistå smittevernlegen
Leiande helsesøster	<ul style="list-style-type: none"> * Undervise i smittevern i samråd med smittevernlegen * Detaljplanleggje vaksinasjon 	<ul style="list-style-type: none"> * Delta i beredskapsgruppa * Etter instruks frå smittevern- legen, ansvarleg for å tinge vaksiner * Ansvar for å gjennomføre vaksinasjon etter prioriteringsliste
Avdelingsleiar barnevern	<ul style="list-style-type: none"> * Halda seg orientert og oppdatert 	<ul style="list-style-type: none"> * Ta hand om foreldreause born og born med sjuke foreldre
Avdelingsleiar psykiatritenesta	<ul style="list-style-type: none"> * Halda seg orientert og oppdatert 	<ul style="list-style-type: none"> * Bistå omsorgsberedskapsteam
Avdelingsleiar ergoterapitenesta	<ul style="list-style-type: none"> * Halda seg orientert og oppdatert * Sørgje for naudsynte hjelpemiddel 	<ul style="list-style-type: none"> * Sørgje for naudsynte hjelpemiddel
MMS og sjukeheimar i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> * Detaljplanleggje auka antal plassar/ overbelegg * Detaljert bemanningsplan for auka aktivitet 	<ul style="list-style-type: none"> * Vaksinerings av pasientar * Ta i bruk ekstra plasser * Skaffe ekstrahjelp * Etablere isolat ved trong
Heimesjukepleie	<ul style="list-style-type: none"> * Halda seg oppdatert * Informere tilsette * Setje opp bemanningsplan med tanke på å auka deltid til full tid og 12 t skift * Planleggje vaksinerings * Planleggje omplassering av heimehjelp * Drøfte prioriteringar i arbeidet * Orienter seg i høve til verneutstyr og apotekvarer * Sørgje for undervisning til alle i smittevern * Orienter seg om andre avd. ansvar/oppgåver * Orienter seg i høve til transport av pasientar 	<ul style="list-style-type: none"> * Bistå i vaksinerings av tilsette og brukarar * Kalle inn ekstrapersonell * Sørgje for gode rutinar i forhold til å førebygge smitte * Omplassere tilsette * Skaffe verneutstyr * Inngå avtale med apoteket * Orienter seg i høve til transport av pasientar * Prioritere arbeidsoppgåver * Forsikre seg om at alle har fått naudsynt opplæring * Delta i inntaksmøte for isolatplassar * Rapportere til kommunal kriseleiing

<p>Heimehjelp</p> <p>Merkantile</p>	<ul style="list-style-type: none"> * Planlegge omlegging til pleieoppgåver * Setje opp bemanningsplan, utvida stillingar * Sørge for opplæring i pleie og smittevern 	<ul style="list-style-type: none"> * Foreta prioritering av arbeidsoppgåver * Omplassere heimehjelp * Sørge for naudsynt info både til tilsette og brukarar
---	---	--

	* Varsle heimehjelpsbrukarar om planlagde prioriteringar	
Skular	* Halda seg orientert og oppdatert	* Stenge skular etter vedtak av smittevernlege/kriseleiing * SFO-lokale kan vera aktuelt som mottak for born med sjuke foreldre. (Sjå Rubrikk nedafor)
Verksemdsleiar barnehageavd.	* Halda seg orientert og oppdatert	* Stenge barnehage etter vedtak av smittevernlege/kriseleiing * Førsteval ved trong for å etablere mottak for born med sjuke foreldre. Dersom dette gjeld mange born og større born, må også SFO-lokale vurderast
Service/Innbyggjartorg	Gjere seg kjent med informasjonskanalar/rutinar	* Opprette informasjonssentral * Møteplass frivillige

Det vert anbefalt at aktuelle leiarar gjer seg kjent med denne pandemiplanen. Dersom det er spørsmål kan underteikna kontaktast.

Jens Even Eikås
Smittevernlege
Tlf 48256792

Stein- Inge Stigen
Kommuneoverlege
Tlf 56314370